

Midt-Telemark Museum

Eit samarbeid for å drive attraktive og effektive kulturverksemder. Stifta 7. mai 2018

Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveris Venner og Sauherad Historielag



Bø og Gvarv, 20. desember 2020

Til Vestfold og Telemark fylkeskommune

post@vtfk.no

Høringsinnspel til *Utredning av fylkeskommunal rolle i museumssektoren av 16/10-2020*

Vi viser til høringsbrevet der det er vist til ønske om at høringsinnspela svarar på:

- *Utsjekk på om det er utreda det mest vesentlige, eller om viktige tema er utelatt*
- *At viktige anbefalingar kan løftas inn i arbeidet med å utarbeide ny kulturstrategi*

For å svare på ønska, strukturerer vi innspelet vårt slik:

1. Samandrag
2. Innleiande kommentarar til utgreiinga frå fylkeskommunen
3. TF-rapport 548 2020 frå Telemarksforskning om Museum og Samfunn
4. Forsøket til Bø Museum og Evju Bygdetun frå 2003 til 2015 som deltakarar i det konsoliderte Telemark Museum
5. Om samfunnsoppdraget til Midt-Telemark Museum (MTM) med Bø Museum og Evju Bygdetun som sentrale aktørar i sitt kulturområde i Midt-Telemark
6. Vidare kommentarar til utgreiinga – Særleg om fylkeskommunens rolle
7. Avslutning og oppsummering


1. Samandrag

MTM har i dette notatet prøvd å gje tydelege svar på høyringsinnspelet frå fylkeskommunen. Der vi er ueinige i konklusjonen eller forslaga, har vi grunngjeve dette ut frå kunnskap og erfaring innan museumsdrift gjennom 45 år.

Kort oppsummera kan vår tilbakemelding samlast under tre hovudpunkt:

- 1) Vestfold og Telemark har svært ulik konsolideringshistorie og museumsstruktur. Det synes for oss som at Vestfold har ein meir heilskapleg organisering som løftar alle. Dette er ikkje tilfelle i Telemark. Dei konsoliderte musea i Telemark må framover ta inn i seg og formidle kultur og historie frå heile det tidlegare Telemark.
- 2) Frivilligheten må verdsettast som den avgjerande ressursen den er, for å halde på levande tradisjonar og kunnskap. MTM bidreg gjerne i ein dialog for å få frivilligheten organisert inn i rammer som sikrar kompetanse, rett prioritering og kvalitet.
- 3) Vi utfordrar fylkeskommunen til å ta ei leiande rolle i ein prosess med mål om ein ny, sterk og levedyktig museumsstruktur – der fylkeshistoria blir sett på i ein heilskap, med både fellesnevningar og lokale/regionale særtrekk.

MTM har i arbeidet med dette høringsinnspillet laga denne figuren på bakgrunn av korleis dei tre konsoliderte musea i Telemark presenterer seg på sine nettsider. Vi har lagt inn MTM med sine satsingsområde, som ikkje blir dekt av dei andre.



Figur 1. Spesialtema for kvar av dei 4 regionsmusea i tidlegare Telemark Fylke. Vassdrag og næringsutvikling er felles tema som alle musea kan dekke – delvis overlappende, delvis ulike. Kysthistorie ved Telemark Museum vil truleg ha mykje felles med Vestfoldmusea, som også dekker vikinghistorie.

2. Innleiande kommentarar til utgreiinga frå fylkeskommunen

MTM ynskjer seg ei meir offensiv utgreiing om framtidens satsing på museum og formidling av kulturhistoria i Vestfold og Telemark. Denne må ikkje bare konsentrere seg om dei store konsoliderte musea, men også inkludere mangfaldet av viktige museumsmiljø som for ein stor del drivast av det frivillige.

Vi reagerer særleg på denne omtalen av fylkeskommunens prioriteringar i utgreiinga s. 38:

En faglig vurdering er at fylkeskommunen bør konsentrere sine ressurser om de konsoliderte museene, og ikke legge opp til å motta søknader fra godt over hundre lag, foreninger, bygdetun og kommunale museer.

Vi etterlyser grunnlaget for den «faglege vurderinga» som fylkeskommunen støttar seg til.

Dei konsoliderte musea i Vestfold og Telemark har rapportert 175 årsverk i 2019. Dei same musea rapporterte dette året kr. 80,0 mill. i ordinær statleg støtte, kr. 67,4 mill. i ordinær regional støtte og kr. 43,6 mill. i andre offentlege tilskot. Til saman kr. 191,0 mill. Det er derfor vanskeleg for oss å forstå at fylkeskommunen vil halde fram med å prioritere alle sine ressursar på organisasjonar som allereie får store overføringar, og som dertill ikkje dekker opp heile det historiske mangfaldet i Vestfold og Telemark.

Å ekskludere alle lokale kulturinstitusjonar frå fylkeskommunens arena er ikkje akseptabelt. I delar av Telemark har vi gjennom lang tid opplevd manglande interesse overfor alt som ikkje er opphøgd embetsmannskultur og byhistorie, og ei haldning om at bygdekulturen med musikk, dans og song, med omfattande handverkstradisjonar, ikkje har «nasjonal» interesse. Store deler av samlingane ved dei konsoliderte musea er opphøveleg teke vare på ved lokale museum og bygdetun fordi entusiastiske og kunnskapsrike folk på bygdene sikra både materielle og immaterielle verdiar for framtida.

3. TF-rapport nr. 548 2020 frå Telemarksforskning om Museum og Samfunn

Vi vil gjerne vise til Telemarksforskning sin rapport, bestilt av Kulturdepartementet, avsnitt 6.4.2. punkt 4:

***En museumspolitik som legger til rette for nye former for arbeidsdeling, samarbeid og prioritering.** For det første behøver ikke alle museene ha ansvar for og måles på de samme oppgaver og samfunnsroller. For det andre kan arbeids- og ansvarsdeling følges opp av tydeligere nasjonal koordinering. For det tredje kan museer få politisk støtte til å foreta tydelige prioriteringer mellom de ulike arenaene, oppgaver og gjenstander de er satt til å forvalte. For det fjerde kan museer gjøre større nytte av nettverksarbeid med andre virksomheter for å utvikle sine prioriterte samfunnsroller.*

Vi meiner at Vestfold og Telemark Fylkeskommune må ta tilrådingane i denne rapporten på alvor. Det står her «tydeligere nasjonal koordinering», men skal slik koordinering fungere, må det operative apparatet i fylkeskommunen ta denne rolla. Etter vår meining er dette avgjerande for at museumspolitikken skal lykkas i den nye fylkeskommunen.

I innspelet av 25. mai frå Evju Bygdetun og Midt-Telemark Museum kommenterte vi denne problemstillinga slik:

I samarbeid med fylkeskommunen, må tilsette med ulik fagkompetanse i dei konsoliderte musea samarbeide med mindre museums- og arkivmiljø. Det kan ikkje vera nødvendig at alle må bygge opp same type fagkompetanse.

På side 20 i utgreiinga frå fylkeskommunen står det:

Enheter utenfor museumsnettverket disponerer og eier verdifull kulturarv. Forvaltningen og vurdering av denne ivaretas gjennom godt samarbeid med vertskommuner, kulturminnevernet og museene innenfor nettverket.

Her meiner vi at Vestfold og Telemark fylkeskommune må ta ansvaret for å koordinere eit nødvendig samarbeid med styrking og koordinering av aktuelle og nødvendige fellestenester på ei rekke område. Utan at fylkeskommunen tek eit slik ansvar, vil det bli opp til enkeltinstitusjonar på frivillig basis å få slikt samarbeid til å fungere. All erfaring viser at det blir mindre effektivt og meir kostbart.

Bø Museum har erfaring med korleis etablerte fellestenester fungerte før konsolideringa, og korleis tenestene blei nedprioritert etter konsolideringa i 2003:

- Museenes Fellestenester, «Museumtenesten», hadde før konsolideringa tre stillingar i Aust-Telemark innan formidling, utstilling og handverk.

Fleire museum fekk på denne måten fagleg støtte i sine lokale museum. Ordninga med fellestenester for musea blei avslutta i samband med museumsreforma

Dette er eit tydeleg eksempel på at ansvaret for slike fellestenester ikkje kan leggas til enkeltinstitusjonar, men må bli koordinert på fylkesplan.

4. Forsøket til Bø Museum og Evju Bygdetun i 2003 til 2015 som deltakarar i det konsoliderte Telemark Museum

Da den nasjonale museumsreforma blei sett i verk i 2003, var Bø Museum og Evju Bygdetun inne eit prøveår for å bli konsolidert med Telemark Museum. Bø og Sauherad kommunar var med i dialogen om organiseringa ettersom kommunane måtte ta del i finansieringa.

Stiftelsen Telemark Museum valde ei tilnærming til museumsreforma med spesifikke krav til dei mindre musea, bl.a. minimum 100% stilling med relevant kompetanse på cand. mag nivå overført frå vertskommunen. Bø kommune oppfylte krava da dei hadde tilsett museumsstyrar i 100% stilling ved Bø Museum. Sauherad kommune hadde tilsett 50% stilling ved Evju Bygdetun og, men kunne ikkje auke denne til 100%. Den tilsette hadde heller ikkje rett formell utdanning etter krava. Dermed blei Evju Bygdetun bare med i det konsoliderte Telemark Museum i prøveåret.

Før Museumsreforma hadde både Bø Museum og Evju Bygdetun ei årleg statleg overføring på omlag kr. 85.000 som halv-offentleg museum. Etter at Evju Bygdetun fall utanfor museumsreforma, gav Telemark fylkeskommune ei årleg støtte på kr. 55.000 for å styrke formidlinga på Evju Bygdetun. Overføringa blei foreslått fjerna frå 2021. Dette er kommentert i innspelet vårt av 25. mai 2020.

Bø Museum opplevde etterkvart at Telemark Museum fokuserte på satsingsområde som ikkje inkluderte bygdekulturen. Bø Museum erfarte også at det ikkje skulle drivas lokal formidling, men bare samlingsforvaltning og bygningsvern. Telemark Museum bestemte etter kvart at Bø Museum ikkje skulle halde ope for publikum i sommarhalvåret. Telemark Museum påpeika også manglande økonomisk støtte frå vertskommunane.

Bø Museum hadde i utgangspunktet ei lokal stilling som museumsstyrar. Vidare var det på det meste 2,5 stilling knytt til Bø Museum som del av det konsoliderte Telemark Museum. Dei lokale stillingane blei så sentralisert til Skien.

Dette medførte at det særegne ved det som Bø Museum representerer av kulturhistorie og samfunnsrolle blei valt bort med argumentasjon om at det ikkje hadde «nasjonal» interesse ut frå dei definerte satsingsområda til Telemark Museum. Bø Museum gjekk derfor ut av Telemark Museum pr. 31. desember 2015. Haldningane i Telemark Museum den gongen viser motsett museumstankegang enn det som blir tilrådd i den ferske rapporten frå Telemarksforsking.

Når vi nå ser på utgreiinga om fylkeskommunes rolle, er f.eks. besøk, målretta formidling/undervisning og arrangement, meiner vi at MTM samla ved sine museumsmiljø er heilt på høgde med dei konsoliderte musea.

5. Om samfunnsoppdraget til Midt-Telemark Museum med Bø Museum og Evju Bygdetun som sentrale aktørar i sitt kulturområde i Midt-Telemark

Midt-Telemark Museum blei etablert som eit resultat av erfaringane gjort som ein del av Telemark Museum. Medlemene i MTM har eit tydeleg samfunnsoppdrag med sin kompetanse og fagmiljø på fleire felt som omtalt i vårt innspel av 25. mai 2020.

Midt-Telemark ligg midt i kjerneområdet for felemakartradisjonar, hardingfelespel med nasjonale ikon som Møllarguten og Lars Fykerud som inspirasjon, samt landets største samling av hardingfeler ved Bø Museum.

Folkemusikken er kultur i utvikling, og for å sikre kunnskap og fornying, har Midt-Telemark kommune etablert fordjuping i folkemusikk og dans som satsingsområde i Kulturskulen.

På grunnlag av dette koordinerer Midt-Telemark kulturskule i dag eit felleskommunalt fordjupingsprogram i folkemusikk; hardingfele, kveding, munnharpe og dans, med ungdom frå Midt-Telemark, Tinn, Notodden, Hjartdal, Seljord, Sandefjord og Vinje.

Det er sentralt at det materielle og immaterielle i folkemusikken heng saman. Både handverket, spelet, dansen og folkedrakta er element som blir ført vidare gjennom arbeidsplassar, undervisning, konkurransar og frivillig innsats på mange plan.

Kulturskulen har undervisning kvar veke i folkedans på Evju Bygdetun og brukar felesamlinga på Bø Museum som læringsarena. Unge folk og utøvande kunstnarar har etablert næring med verkstad for feleproduksjon ved Bø Museum og Evju Bygdetun legg til rette for profesjonell produksjon av munnharper i gardssmia.

Universitet i Sørøst-Noreg, med studiestadene Bø og Rauland, har utdanningar frå bachelor, master og opp til doktorgrad innan kulturområdet, med eit unikt og levande tilbod innan folkekunst og folkemusikk. Desse studia rekrutterer nasjonalt og internasjonalt, noko som underbygger at det er ei interesse og attraktivitet for folkekunst og –kultur utover det lokale og regionale.

6. Vidare kommentarar til utgreiinga – Særleg om fylkeskommunens rolle

Sitat frå side 38:

En faglig regional vurdering er at disse lokale institusjonene ikke er definert som museer, med mindre de inngå i et konsolidert museum (se Del 1, struktur). Grunnen til det er at de ikke leverer museumstjenester som museumsreformen la opp til og som ICOM anbefaler at legges til grunn når det gjelder museumsforvaltning. Dette handler om å ha fast ansatte fagpersoner, være forskningsmessig i stand til å bidra til faglig utvikling og ha en formidling som er åpen og tilgjengelig. Forvaltning, forskning og formidling er fagdisipliner som krever kunnskap og et faglig felleskap. De lokale lagene og foreningen blir ikke behandlet på like linje med museer i det nasjonale museumsnettverket, som staten har ansvar for.

En faglig vurdering er at fylkeskommunen bør konsentrere sine ressurser om de konsoliderte museene, og ikke legge opp til å motta søknader fra godt over hundre lag, foreninger, bygdetun og kommunale museer. I den grad lag og foreninger som driver lokal formidling ønsker offentlig bistand, bør de kunne henvende seg til vertskommunen. Utvalgte prosjekter som lag og foreninger gjennomfører kan komme inn under fylkeskommunale tilskuddsordninger, især om de gjennomføres i samhandling med de konsoliderte museene. Sammen med museene kan det vurderes om enkelte lokale enheter er særskilt egnet til å høre inn under et konsolidert museum. Prosess og beslutning må hvile på faglige vurderinger.

Rollen som faglig pådriver kan fylles ved å arrangere årlige fagsamlinger i samarbeid med sektoren. Museene har også uttrykt at fylkeskommunen kan være med i arbeidet med å utvikle fellestjenester. I pådriverrollen kan fylket arrangere samlinger som også inkluderer kommuner, eiere og styrever og legge til rette for diskusjoner og dialog om eksempelvis hva de overordnede målene med museene i regionen er for de ulike aktørene. Fylkeskommunen kan også ta en koordinerende rolle for enheter som ønsker å gå i dialog om eventuelle endringer.

Vi meiner at fylkeskommunen må ta ei leiande rolle i arbeidet innan museumssektoren i Vestfold og Telemark. Det er ikkje nok å være «pådrivar», men fylkeskommunen må stille klare krav som må bli formidla til heile museumssektoren og som dei kan bli målt på i etterkant. Eksempel på dette kan vera:

- Etablering av fellestjenester for dei konsoliderte musea og for mindre einingar som formidlar viktig lokalhistorie av regional og nasjonal interesse. Dette kan vera digitalisering, arkivfunksjonar, kompetanse på utstillingar, handverksfag. Dette må ikkje vera på prosjektbasis, men varige ordningar.
- Vi ser i dag at Telemark Museum dekkjer byhistoria på ein god måte, som eit Grenland Museum. Vi utfordrar fylkeskommunen til å tenke heilskapleg på museumsstrukturen i Vestfold og Telemark. Kunne vi tenke eit felles overbygg for heile regionen, med underbruk for regionane med sine kulturhistoriske spesialitetar, etter ein dialog med aktive bidragsytarar frå heile det nye fylket?
- MTM ynskjer at den frivillige innsatsen ved musea skal verdsettast og organiserast som eit tilleggsressurs til faste stillingar. Faste tilsette bør ha organisering og styring av det frivillige arbeidet som ein del av sine arbeidsoppgåver. Dette for å sikre god overføring av lokal kunnskap, koordinering, klare prioriteringar og fagleg kvalitet

innanfor økonomiske rammer. Med så store overføringer som blir tildelt musea, må det vera mogleg å stille sterkare krav til åpenhet, involvering av frivillige og lokale krefter og ikkje bare vise til utfordringane som kan vera i samarbeidet mellom dei «profesjonelle» og dei frivillige.

7. Avslutning

Dei konsoliderte musea i vårt Fylke får 191 millionar i offentleg støtte. Vi meiner at den offentlege støtta bør nyttast til tenester som dekkjer opp for den **totale** kulturhistoria i fylket, og i tillegg dra nytte av den store frivillige innsatsen og verdiskapinga vi har sterke tradisjonar for.

På side 29 i fylkeskommunens utgreiing om eigarskap er det sitert at Midt-Telemark Museum ynskjer å få status som konsolidert museum. Dette står ved lag. I tråd med samfunnsplanen for den nye kommunen, er det saman med Midt-Telemark kommune satt i gang eit arbeid for vidare utvikling av strategien for MTM.

På side 13 er det stilt spørsmål om det er lokal forankring, eigarskap og engasjement eller fagleg utvikling som profesjonalisert kunnskapsinstitusjon er målet. Svaret er sjølvstøtt at kunnskapsarbeidet må vera profesjonelt, men utgreiinga er ikkje klar når det gjeld styrken ved lokalt engasjement. Erfaringane frå forsøka som Bø Museum og Evju Bygdetun hadde saman med det konsoliderte Telemark Museum, viste at fokuset på «profesjonalisering» var øydeleggjande for det lokale engasjementet som var sjølv grunnlaget for å bygge opp eit fagleg sterkt museumsmiljø i Midt-Telemark. På tross av dette, har lokale krefter med fagleg styrke og engasjement bygd opp profesjonelle kunnskapsinstitusjonar som leverer museumstenester og formidling på høgt fagleg nivå.

I utgreiinga på side 27-28 står det at det er «*kompliserende at den kulturelle infrastrukturen favner bredere enn museumssektoren. Formidling og bruk av historie inngår i identitetsproduksjon ...*». MTM har gjennom samarbeidet blitt attraktive samfunnsutviklarar mot skule, universitet, reiseliv og internasjonale relasjonar. Med vår erfaring og kompetanse i denne samanhengen, ynskjer MTM å kunne bidra til ytterlegare verdiskaping innan museumssektoren i Vestfold og Telemark.

Midt-Telemark kommune, med eit sterkt fagmiljø på USN, har tradisjon for å gjera nytte av samarbeid med andre verksemder for å utvikle våre prioriterte museale samfunnsroller. Vi meiner at MTM gjennom sin kompetanse, faglege styrke i samarbeid med ei rekke institusjonar oppfyller ICOM's definisjon:

Museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed. (ICOM, 2007)

I tillegg til MTM og medlemene er fylgjande institusjonar viktige i formidling av den nasjonale folkekulturen med utgangspunkt i Telemark:

- Telemarksfestivalen
- Norsk Hardingfelesenter
- Folkemusikkarkivet i Telemark
- Universitetet i Sørøst-Noreg

Vestfold og Telemark fylkeskommune bør derfor inkludere desse organisasjonane i sin koordinering av samarbeidet mellom aktuelle kulturberarar for folkekulturen som er av nasjonal interesse. Telemark er stor i utstrekning, og har fleire ulike kulturuttrykk. Den særsegne og kulturhistoriske identiteten i Midt-Telemark er i dag ikkje del av dei konsoliderte musea i Telemark. Ved å samordne vil vi kunne bidra til dekke det som er foreslått i rapporten frå Telemarksforskning for bærekraftig forvaltning av nasjonalt viktige kulturuttrykk.

Vi vil gjerne delta i dialogmøte med prosjektgruppa for å gå gjennom høringsinnspillet vårt.

Med helsing,

Eivind Lønheim (sign.)
Styreleiar Midt-Telemark Museum

Jorid Vale (sign.)
Styreleiar Stiftelsen Evju Bygdetun

Kopi til:

- Ordfører Siri Blichfeldt Dyrland i Midt-Telemark kommune
- Varaordfører Ingebjørg Ø. Nordbø i Midt-Telemark kommune
- Leiar av utval for oppvekst og kultur i Midt-Telemark kommune
Evy Beate Stykket
- Kommunaldirektør Per Dehli i Midt-Telemark kommune
- Assisterande kommunaldirektør Mona Slaaen i Midt-Telemark kommune
- Kultursjef Hilde Pedersen i Midt-Telemark kommune